



NAUSTDAL KOMMUNE

RÅDMANNEN

Helse og Omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Sakshandsamar:

Kjell Skaflestad

Telefon:

57 81 61 22

Vår ref.

KS/13/600-7/K1-231

Dykkar ref.

14/31 KTA HJS

Dato:

06.05.2014

Høyring - Forslag til endring i forskrift om egenandel for kommunale helse og omsorgstenester

Naustdal eldreråd og Helse og Sosialkomite har drøfta framlegg til endra forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester, høyringsbrev frå HOD, datert 7.02.2014.

Naustdal eldreråd har i møte 08.04.14, sak 10/14 vedteke vedlagde uttale, som Helse og Sosialkomiteen har slutta seg til i møte same dag, sak 5/14.

Med helsing

Kjell Skaflestad
rådgjevar helse, sosial , pleie og omsorg

Naustdal eldreråd – vedtak sak 10/14.

Naustdal eldreråd gjev slik uttale til framlegg datert 17.02.14 frå Helse- og omsorgsdepartementet, om endringar i forskrift om eigenbetaling for kommunale helse og omsorgstenester:

Det er gjort framlegg om endringar i storleiken på eigendel ved langtidsopphald på kommunale institusjonar for bebuarar som mot sin vilje vert plassert på dobbeltrom. Konkret er det gjort framlegg om eit fribeløp på kr.35.000.- Her er det altså lagt opp til ei rabattordning for pasientar som «mot sin vilje» vert plassert på dobbeltrom. Samstundes vil også kommunane ha eit visst inntektstap ved ei slik rabattordning , for Naustdal stipulert til ca.kr.200.000.- årleg.)

Dette høyringsutkastet må ein sjå i samanheng med at Regjeringa medio februar d.å. kunngjorde at «den vil arbeida for lovfesta rett til sjukeheimplass eller pleie-og omsorg. For dei pasientar som «mot sin vilje» vert plassert på dobbeltrom, skal eigendelen reduserast. «Retten til einerom» finn ein bl.a. nedfelt i Kvalitetsforskrift (FOR-1997-02-27 -358), og i Forskriftene til Verdighetsgarantien bokstav h, «tilby eldre som bor på helseinstitusjon enerom».

Noverande regjering har og auka tilskot til bygging av sjukeheimar frå 40 til 55 % (som skal utprøvast i 10 kommunar).Eldrerådet er sterkt uroa over at framlegg til endringar når det gjeld langtidspasientar sommot sin vilje vert plassert i dobbeltrom vil verta ei «sovepute» for kommunane når det gjeldvidare utbygging av einerom på sjukeheimane.

Dersom kommunane ikkje går mot høyringsframlegget, vil dette bli oppfatta som ein stillteiande aksept på «rabattordninga» der stadig fleire kan risikere å måtte «akseptere» å bli plassert på dobbeltrom, men mot ein viss rabatt når det gjeld eigenbetalinga. Situasjonen for den enkelte «pasient» kan vera svært ulik når det gjeld evne/vilje til eventuelt å bli plassert saman med andre –og ofte etter ein lang «kamp» for å få plass (og i verste fall fokusert i media). Sjølv om ei slik «rabattordning «også vil slå ut på inntekta til den enkelte kommune, vil dette vera for småpengar» å rekne mot eventuelt å måtte bygge fleire sjukeheimplassar. (Dersom då ikkje staten - mot formodning - skulle framskaffe ei svært så gunstig finansieringsordning) Eldrerådet er av den oppfatning at ei foreslått rabattordning vil vera ein vinn-vinn situasjon både for statlege og kommunale myndigheiter når det gjeld økonomien. I ytterste konsekvens kan ein og risikere at stadig fleire vert plassert på fleirsengsrom og kommunane kan få kompensert inntektstap gjennom kvantitet(fleire bebuarar)

Gjennom framlegget til «rabattordning» vil stat og kommune kunne hevde at stadig fleire kan få sjukeheimplass og atpåtil få «rabatt» dersom dei vert plassert på fleirsengsrom mot sin vilje. Kvar vert det av Verdighet og Livskvalitet i eldreomsorga ? Det er på høg tid at vi får ein debatt om Verdighet i Eldreomsorga. SSB si framskrivninga av folkemenga framover går i retning av stadig fleire eldre eldre. Ei slik foreslått rabattordning er etter Eldrerådet si meining å gå med ryggen inn i framtida, når vi veit at dei fleste kommunane allereie har ein underdekning på tal sjukeheimplassar i høve til dagens situasjon. Naustdal eldreråd er heilt klar på at «Verdighet må gå føre rabatt» når det gjeld måloppnåing med einerom til alle på sjukeheimen og avviser framlegget til endringar i forskrift 2011-12-16-1349 om eigendel for kommunale helse –og omsorgstjenester.